

Samarbeidsavtale mellom Meland kommune og Hordaland fylkeskommune, gjeldende Invest in Bergen og Etablerersenteret for perioden 2017 - 2020

Bakgrunn for avtalen

Dei tidlegare eigarane i Business Region Bergen og Hardangerrådet, har i fellesskap utarbeidd eit framlegg for å ivareta og styrke nokre av tenestene frå Business Region Bergen. Dette gjeld i hovudsak Etablerersenteret og Invest in Bergen.

Hordaland fylkeskommune tar frå januar 2017 hovudansvaret for dei to tenestene i eit spleiselag med kommunane. Fylkeskommunen er avhengig av ei felles finansiering saman med kommunane for å oppretthalde dei to tenestene. Denne avtalen regulerer dette samarbeidet. Likelydande avtale blir inngått med alle kommunane som deltar i samarbeidet.

Målsettingar

Samarbeidet sikrar at;

- Etablerersenteret vert lagt til Fylkeskommunen under merkevara «Etablerersenteret» og vil ha eige kostnads- og finansieringsbudsjett. Etablerersenteret skal arbeide utadretta i fylket og vil samarbeide tett med dei eksisterande nærings- og etablereraktørane i kommunane / regionane
- Invest in Bergen vert etablert som eit «næringsutviklingsprogram» i Hordaland fylkeskommune, med eige kostnads- og finansieringsbudsjett. Invest in Bergen vil ha ein viktig rolle i å vere kommunane sin representant i møte med investeringsinteressentar.

Styringsmodell

Dei to prosjekta har følgjande styringsgrupper som er nedsett av kommunane som er med i samarbeidet. Etablerersenteret: Styringsgruppa består av dei administrative ansvarlege i regionråda og blir leia av Næringsssjefen i Hordaland fylkeskommune.

Invest in Bergen: Ein politisk representant frå kvar region, fortrinnsvis leiar i regionrådet, ein frå Bergen kommune og ein frå Hordaland fylkeskommune.

Kommunane sitt bidrag inn i samarbeidet

- Kommunane bidreg med eit fast beløp pr innbyggjar i kommunen.
- Kommunane er aktive samarbeidspartnarar for dei to tenestene.
- Kommunane, ved ordførar, deltek på årlege møte for å drøfte strategiske grep for dei to tenestene.

Fylkeskommunen sitt bidrag inn i samarbeidet

- Fylkeskommunen tar på seg arbeidsgjevaransvaret for dei tilsette i Etablerersenteret og Invest in Bergen.
- Fylkeskommunen stiller med kontorfasilitetar og tar på seg det administrative ansvaret for dei to prosjekta.
- Fylkeskommunen leiar dei to styringsgruppene som er utpeika av kommunane.
- Fylkeskommunen bidreg med same beløp pr innbyggjar som kommunane som deltek i samarbeidet.

Finansieringsmodell

Følgjande finansieringsmodell sikrar gjennomføring av oppgåvene som skissert:

- Kommunane bidrar med kr 7,- pr innbyggjar i kommunen, rekna frå 01.01 for det gjeldande året. Kronebeløpet vert fordelt slik:
 - o Etablerersenteret: kr 3 per innbyggjar årleg
 - o Invest in Bergen: kr 4 per innbyggjar årleg
- Hordaland fylkeskommune betaler årleg samla kr 7,- for tilsvarande folketal som i medlemskommunane og med same fordeling.

Finansieringa syter for drifta av dei to prosjekta med lønn til dei tilsette, kostnadar til kurs, reiser og arrangement, og eventuelle investeringar som kan styrke dei to prosjekta.

Rapportering

Etablerersenteret og Invest in Bergen rapporterer fortløpande til dei nedsette styringsgruppene. Hordaland fylkeskommune rapporterer årleg til dei øvrige eigarane for begge prosjekta.

Tidslengd, beløp, oppseiing og betaling

Denne avtala gjeld frå 2017 og til og med 2020. Kommunane og fylkeskommunen kan seie opp avtala i perioden. Ved oppseiing gjeld avtala for det året den blir sagt opp samt neste kalenderår.

Større endringar i organisering, eigarskap eller overordna strategi for Etablerersenteret og/eller Invest in Bergen gjev kommunen og fylkeskommunen rett til å reforhandla eller seia opp avtala. I dette tilfelle gjeld oppseiinga frå neste kalenderår

Fylkeskommunen fakturerer årleg kommunane for deltaking i samarbeidet.

Bergen/ Meland kommune Dato: _____



Bård Sandal
Fylkesdirektør regional utvikling
Hordaland fylkeskommune

Martin W. Kulild
Rådmann
Meland kommune